



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Vang
Dato: 13.09.2022
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Program for møtet i Rådgjevande utval følgjer i e-posten med møteinnkallinga.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 34/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 35/2022	Referatsaker		
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Rammeløyve - Årdal kommune		2022/6603
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dispensasjon etter pbl §19-1 om etablering av utsiktspunkt Vettisfossen		2022/6603
RS	Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om midlar til restaurering av natur - revegetering		2022/8321
RS	Høring - Regional plan for det inkluderende Innlandet 2023 - 2023 (2030)		2021/4060
RS	Rapport Besseggløpet 2022		2020/1332
RS	Breardeologien - sesongen 2022		2020/7407
RS	Underretning - Jotunheimen NP - ulovleg dronefilming i Hurrungane - melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2022/4260
ST 36/2022	Delegerte vedtak		
26/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 Uttransport Vettismorki i samband med helikoptertransport for bru over Stølsmaradøla - DNT Oslo og Omegn		2022/6259
27/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Helikoptertransport for oppføring av ny bru i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn		2022/6259
28/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - 2024 - Bruk av drone for kartlegging ved Bøverbrean - Institute of Photogrammetry & Remote Sensing Chair of Photogrammetry		2022/5224
29/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Endring av vedtak - 2022 - Merking og gjennomføring av konkurranseløp - Raid des Trolls en Norvège - Raids & Adventure v/Paul Vilcot		2022/3317
30/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - Helikoptertransport til Fannaråken - Materialer til ny utedo		2019/8199
31/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel i samband med opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Memurubu Turisthytte v/ Kleppconsult AS		2022/8081
32/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i		2022/8362

	samband med arbeid Gravdalsdammen - Hydro Energi AS	
33/2022	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport til Glitterheim - Harald B. Gløersen	2022/6992
34/2022	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel – Frakt av materialar og utstyr til Fremre Hjelledalen – Terje Hetle	2022/8550
35/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - transport i samband med reparasjon av tak på gjetarbu - Russdalen Beitelag	2022/6991
36/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-23 - barmark - Gravearbeid og vedlikehold ved Glitterheim Turisthytte - DNT Oslo og Omegn	2022/7906
37/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i samband skadefelling jerv - Vågå kommune	2022/7884
ST 37/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Riving og bygging av ny fjellstyrehytte i Storådalen - Lom fjellstyre	2022/8417
ST 38/2022	Eventuelt	

Orienteringar i møte:

1. Sikre god overgang i samband med ny medarbeidar i SNO frå hausten 2023.
2. Informasjonsløysingar for nasjonalparkane

ST 34/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 35/2022 Referatsaker
Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Rammeløyve - Årdal kommune 2022/6603
Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dispensasjon etter pbl §19-1 om etablering av utsiktspunkt Vettisfossen 2022/6603
Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om midlar til restaurering av natur - revegetering 2022/8321
Høring - Regional plan for det inkluderende Innlandet 2023 - 2023 (2030) 2021/4060
Rapport Besseggløpet 2022 2020/1332
Brearkeologien - sesongen 2022 2020/7407
Underretning - Jotunheimen NP - ulovleg dronefilming i Hurrungane - melding til politiet om brot på verneforskrifta 2022/4260
ST 36/2022 Delegerte vedtak
26/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 Uttransport Vettismorki i samband med helikoptertransport for bru over Stølsmaradøla - DNT Oslo og Omegn 2022/6259
27/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Helikoptertransport for oppføring av ny bru i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn 2022/6259
28/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - 2024 - Bruk av drone for kartlegging ved Bøverbreen - Institute of Photogrammetry & Remote Sensing Chair of Photogrammetry 2022/5224
29/2022 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Endring av vedtak - 2022 - Merking og gjennomføring av konkurranseløp - Raid des Trolls en Norvège - Raids & Adventure v/Paul Vilcot 2022/3317
30/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - Helikoptertransport til Fannaråken - Materialer til ny utedo 2019/8199
31/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel i samband med opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Memurubu Turisthytte v/ Kleppconsult AS 2022/8081
32/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i samband med arbeid Gravdalsdammen - Hydro Energi AS 2022/8362
33/2022 Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport til Glitterheim - Harald B. Gløersen 2022/6992
34/2022 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel – Frakt av materialar og utstyr til Fremre Hjelledalen – Terje Hetle 2022/8550
35/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - transport i samband med reparasjon av tak på gjetarbu - Rusdalen Beitelag 2022/6991
36/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-23 - barmark - Gravearbeid og vedlikehold ved Glitterheim Turisthytte - DNT Oslo og Omegn 2022/7906
37/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i samband skadefelling jerv - Vågå kommune 2022/7884

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2022/8417-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2022	13.09.2022

Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Riving og bygging av ny fjellstyrehytte i Storådalen - Lom fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel § 3 pkt 1.3 h) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon til Lom fjellstyre for riving av den gamle fjellstyrehytta i Storådalen og oppføring av ny bu på same plassen.

Vilkår for løyvet:

1. Nybygget blir oppført på same tomt som den gamle, og får same storleik som eksisterande fjellstyrehytte – 5,15 m x 3, 70 m – grunnflate 19 m²
2. I tilknytning til hytta blir det gjeve løyve til oppføring av ny utedo på 3 m² (1,5 x 2 m).
3. Fjellstyrehytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Takmateriale er takplater med mørk og matt overflate. Innsendt byggeteikning synest å tilfredsstillast krav til byggestil.
4. Fjellstyret er ansvarlege for vedlikehald av hytta.
5. Eksisterande hytte og utedo skal rivast og fraktast ut av verneområdet.
6. Etter bygging skal alle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Byggesøknaden skal også behandlast av Lom kommune som myndighet etter plan- og bygningslova.

Som grunnlag for behandling av dispensasjon for motorferdsel, må Lom fjellstyre utarbeide ein transportplan som viser planlagt bruk av helikopter for inntransport av bygningsmaterialar og utstyr og utfrakting av rivingsmateriale og restar etter nybygget, og plan for bruk av snøskuter for transport av menneskap og utstyr som trengst til byggearbeidet. Planen skal ha vekt på best mogleg utnytting av kapasiteten, for å unngå unødig motorferdsel innan verneområdet. Detaljert søknad om dispensasjon for motorferdsel i samband med bygginga må sendast til nasjonalparkforvaltninga og kommunen i god tid. Nasjonalparkforvaltar får delegert myndighet til å godkjenne transportplanen på vegne av styret.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad ved e-post av 26.08.22 frå Lom fjellstyre v/ dagleg leiar Åsmund Galde

Saksopplysningar

Søknad frå Lom fjellstyre v/ dagleg leiar Åsmund Galde har følgjande ordlyd:

«Lom fjellstyre søker med dette om løyve til å rive den gamle og føre opp ny fjellstyrehytte i Storådalen.

Vedlagt ligg situasjonskart og teikningar som syner grunnplan, snitt og fasader for ny hytte. Hytta er teikna med uendra grunnflate på 19m², og er tenkt oppført på eksisterande grunnmur. Samstundes ynskjer vi å rive eksisterande utedo og erstatte denne med ein ny med mål 1,5x2 meter med utforming slik som vedlagte bilete.

Bygningane er tenkt oppført i reisverk med ståande, brun- eller gråbeisa kledning. På taket er det tenkt takpanner/plater i svart eller grå farge.

Hytta i Storådalen vart oppført på slutten av 1800 talet etter at Lom heradsstyre i 1888 fekk utvist feste frå statens skoger for «grunn til febod» i samband med fedrift i Storådalen.


Eigarskapet vart seinare overført til fjellstyret, gjeldande festekontrakt er frå 1968.

Tilsynsbua ligg strategisk til sentralt i nasjonalparken, med stutt avstand til Gjendetunga og Memurutunga. I dag blir den brukt av fjelloppsynet i samband med oppsynsverksemd, av Storådalen beitelag i samband med tilsyn av beitedyr og av gjeterane til Lom tamreinlag. Ved ledig kapasitet har den vore utleigd i samband med utøving av jakt- fiske og friluftsliv. Riving og nybygg vil, om det let seg gjere, bli planlagt til våren 2023.

Det er ynskjeleg å kunne kombinere utfrakting av rivingsavfall med innfrakting av ny hytte.


Tomta ligg slik til at vi vurderer helikoptertransport som beste alternativ. Ynskja innflyging er frå Leirdalen over Høgvaglen og Langvatnet. I tillegg til helikoptertransport vil det bli søkt om løyve til bruk av snøscooter til transport av arbeiderar og utstyr under byggeperioda. Med bakgrunn i mellom anna beliggenheit, værforhold m.m. er det av vesentleg praktisk betydning at ein kan legge byggeperioda til våren. Vi vil kome attende med ein utfyllande søknad om motorferdsel når eit eventuelt byggjeløyve ligg føre.»

Utsnitt av Norgeskart viser lokaliseringa. Eksisterande bygg markert med raud sirkel:




Med søknaden følgjer byggeteikningar i målestokk 1:50 og kartutsnitt med plassering. (Kopiane under er ikkje i full målestokk)

GRUNNPLAN OG SNITT



MÅLESTOKK: 1:50

- TAK:- Mansås diam. ca. 30
 - Taksperrer 48x198
 - 20 cm isolasjon
 - Innvendig fukt av nupanel, B=123 cl. 148
 - Tett taktre og vannlett takpapp
 - Sleyster- Leker- og svartlakkerte takpanner




- GOLV:- Impregneret bjelkeklag 98x198 (alt. 98x193)
 - Stubbløft - treplate
 - 20 cm isolasjon

- VEGG:- Stender 48x98 - 10 cm isolasjon
 - Refalt vindtett plate
 - Utvikta Fjuket-pannel - (kant i kant)

DATE 16/8-22	BYGGERE Lom fjellstyre
SIDE 1 av 3	SIGN: O.K.


FASADER

AUST




MÅLESTOKK: 1:50

SØR



DATE 16/8-22	BYGGERE Lom fjellstyre
SIDE 2 av 3	SIGN: O.K.



Til venstre under: innsendt foto som viser type utedo som er planlagt.



Foto av eksisterende hytte, over til høyre, viser at nybygget vil vera i same stil som den gamle, og vil liten grad påverke landskapet:

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av oppdaterte vedtekter av 01.01.2020. Byggje- og rivingsøknaden skal også behandlast av kommunen etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen er også myndigheit etter forureiningslova ang. rivingsavfall.

Verneformål – forskrift

Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet (§ 3 pkt. 1.1).

§ 3 pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til

c) Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade.

h) Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.

Siste ledd i pkt. 1.3 gjev generelle føringar for utsjånad på nye bygningar:

«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

§ 3 pkt. 7.1 set forbod mot ureining. Dette gjev heimel for å stille krav om rydding av byggeplass.

§ 3 pkt. 6.3.1 set forbod mot motorferdsel: *«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) gje løyve til:

«Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.»

Søknaden om bygging må følgjast opp med ein detaljert søknad om motorferdsel.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument.

Storådalen ligg i grensa til teig 5, brukssone med store kvalitetar som skal ivareta: *«Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

«Teig 5: Olavsbu-/Mjølkedalsbre-området


Teigen omfattar området mellom Gravdalen, nasjonalparkgrensa, Uranosbreen, Veslådalen og Storådalen. - - - Teigen utgjer store delar av dei sentrale stroka i verneområda.»

Det er ikkje gjeve særskilde føringar for bygningar innan teig 5, men utkastet har følgjande retningslinjer i kap. 8.2 – *Turisthytter og andre hytter, buer og naust:*

8.2: «Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til. Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»

«Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). - - -»



Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Byggesaka er heimla i verneforskrifta, som tek høgde for nødvendige husvære for oppsynsverksemd. Saka gjeld erstatningsbu for eksisterande bu, da denne er i slik stand at den ikkje er rekningsssvarande å restaurere. Nybygget er i same storleik som eksisterande bu, og vil vera gjenoppføring i samsvar med forvaltningsplan.

Vurdering

Fjellstyra har med heimel i fjellova § 35 rett til å føre opp nødvendige husvære:
«Fjellstyret kan føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av skogforvaltaren. Vilkåra etter lovgjevinga elles må ligge føre.»

Lom fjellstyre forvaltar store område etter fjellova, og har gjennom tenestekjøp frå SNO også ansvar for ulike oppgåver i nasjonalparken. Husvære for oppsynet er viktig, og dette er synleggjort ved at verneforskrifta gir forvaltningsstyresmakta heimel for å gi løyve til oppføring av bygningar i tråd med fjellova § 35. Fjellstyret har hatt hytte i dette området i svært mange år, og bua er nå i så dårleg stand at det blir vurdert som mest tenleg å rive og bygge nytt. Det er planlagt å bruke opp att eksisterande grunnmur, og den nye bua vil få same storleik som den gamle.

Framlagt byggeteikning viser eit bygg med utforming som oppfyller både krav i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 og estetiske føringar gjeve i arealdel til kommuneplan for Lom:
*«Estetiske omsyn § 20-4 2. ledd bokstav b
 Nybygg og tilbygg/påbygg skal tilpasse seg landskap og eksisterande bygg på god måte. Dvs. innordne seg terreng, vegetasjon og tomtstruktur, og til eksisterande bygg rundt når det gjeld volum, form, materialar og farge. Bygningar skal som hovedregel ha saltak med takvinkel 22-34 °. Fargar skal ligge i den mørke og varme del av fargeskalaen. - - - »*

Forvaltningsplanen har som føring at i nasjonalparken bør ein følgje byggeskikk som tradisjonelt har vore nytta i fjellet, og velgja fargar og materialar som harmonerer med omgjevnadene.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget:
 Det er relativt god kunnskap om området, og saka gjeld fornying av ei eksisterande hytte

for fjellstyret. Tiltaket vil ikkje skape endra bruk, bortsett frå aktivitet under sjølve byggeprosessen, og vil ikkje gje permanente negative konsekvensar for naturmangfaldet.

- § 9 Førre-var prinsippet:
Ein kan ikkje sjå at den nye bua vil gje auka belastning på naturmiljøet, bortsett frå den auka aktiviteten og motorferdsla som vil vera under ein konsentrert byggeperiode.
- § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:
Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til nybygg, men dette gjeld ei rein fornying av eit eksisterande bygg. Bua er viktig for oppsynet i Jotunheimen, og er ikkje større enn den gamle bua. Varig påverknad vil derfor verta uendra.
- § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:
Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:
Planlagt utføring med mest mogleg ferdige element som blir flogne inn med helikopter vil gje ein konsentrert byggeperiode og mindre fare for terrengslitasje rundt byggeplassen. Ein kjem og attende til dette spørsmålet ved behandling og godkjenning av transportplan for motorisert ferdsel i samband med gjennomføring av tiltaket.

Den nye bua vil ikkje ha annan innverknad på landskapet enn eksisterande bygg. Ei erstatningshytte av same storleik som den gamle bua og gjenbruk av eksisterande grunnmur vil bety at ein får minimalt med inngrep. Utsifting av den gamle utedoen når ein likevel har mannskap og utstyr for byggearbeid i området er eit rasjonelt grep, og vil gje betre fasilitetar.

Søknaden skal også behandlast av Lom kommune, som forvaltningsstyresmakt etter plan- og bygningslova, forureiningslova og motorferdsellova. I samband med byggeprosessen må det lagast ein transportplan med tanke på god utnytting av kapasitet for å minimere omfanget av motorferdsel og tilpassing av transporten i tid for å gje minst mogleg ulemper i høve til naturmiljø og andre brukarinteresser. Skissert framgangsmåte med innflyging av nybygget og utfrakting av restane etter den gamle hytta på returlast vil redusere motorferdsla. Dette opplegget vil også tilfredsstillere krav om rydding av byggeplassen, jf. forskrifta § 3 pkt. 7.1 som set forbod mot ureining. Transporttrasear og tidsrom må leggjast opp slik at ein tek best mogleg omsyn til hekkande rovfugl og anna vilt.

Den detaljerte transportplanen kan godkjennast av nasjonalparkforvaltar, innan dei føringane som blir sett av styret i saka.

ST 38/2022 Eventuelt